

TING TANG TRASH

Jorunn Veiteberg

Utgitt 2011-11-07

Men når det gjeld å sameina ting og keramikk, er Terje Westfoss pioneren. Allereie tidleg på 1970-tallet forsynte han muggene sine med dørhandtak som hank. Seinare forvandla han meterhøge isolatorar i teknisk porselen til urner, rett nok utan bot. Fleire av desse dekorerte han med dekalar frå Porsgrund Porselen (PP) sitt overskotslager. Blomar og frukter, dyr og fuglar tilhøyrer ein heilt annan porselentradisjon, nemleg finare servise, vasar og prydfat. Ved slik å gå på tvers av konvensjonar og tradisjonar for kva ein bør og må, gjer han oss medvitne om desse mekanismane og får oss til å sjå både gjenstandane og dekoren med eit nytt blikk.

